

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017

Medlem May Eva Sandvik (H) viste til politisk uttale frå Mustafa Can i samband med hans innlegg på fylkeskulturkonferansen, og meinte det var beklageleg med slike sterke ytringar mot ei politisk retning.

Kst. fylkesdirektør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd viste til at ytringa ikkje var bestilt, og at dette kom overraskande på administrasjonen også. Han viste elles til e-posten han sendte til utvalet like i etterkant av fylkeskonferansen.

Medlem May Eva Sandvik (H) ønskete svar på konsekvensane av at ein kommune nyttar spelemidlar til fleir brukshall men definerer om bygget til skulebygg.

Kst. fylkesdirektør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd orienterte. Administrasjonen vil koma attende med ei skriftleg orientering om saka.